
Saksnr: 2020/79802-15
Saksbehandlar: Frank Tore Tveit

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		08.09.2021
Fylkesutvalet		21.09.2021

U23 EM i friidrett i Bergen

Forslag til vedtak:

1. Vestland fylkeskommune stiller seg positiv til at Norges Friidrettsforbund skal arrangere U-23 EM i friidrett i Bergen i 2025.
2. Norges friidrettsforbund kan behalde dei tildelte 2 100 000 kr til U-23 EM i friidrett i Bergen, som skulle vore gjennomført i 2021, men vart avlyst grunna pandemien. Midlane skal nyttast i arbeidet med planlegging og gjennomføring av arrangementet i 2025.
3. Eventuell ytterlegare økonomisk stønad til U-23 EM i friidrett i Bergen i 2025 må ein koma attende til i samband med økonomiplan 2024-2027 og framtidige årsbudsjett.

Samandrag

U-23 EM i friidrett som skulle vore arrangert i Bergen i juli 2021 måtte avlysast pga. koronapandemien. Norges Friidrettsforbund har fått tildelt same arrangement, til same stad, i 2025. Forbundet fekk tildelt 2 100 000 kr av fylkeskommunen, til planlegging og gjennomføring av arrangementet i 2021. Midlane dei har motteke til arrangementet som skulle vore gjennomført i 2021, kan nyttast i samband med planlegging og gjennomføring av arrangementet i 2025.

Rune Haugsdal
fylkeskommunedirektør

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Norges friidrettsforbund skulle gjennomføre U-23 EM i friidrett i Bergen, 8. - 11. juli i år. Grunna karantenerreglar knytt til pandemien vart det ikkje mogeleg å gjennomføre arrangementet, og det vart difor avlyst.

Vestland fylkeskommune vedtok i fylkestinget 09. juni 2020, i PS 48/20 at ein stilte seg positive til at det skulle gjennomførast eit U-23 EM i friidrett i Bergen i 2021. Vidare vart det i budsjettet for 2021 vedteke å løyve 2 000 000 kr til Norges Friidrettsforbund for arbeidet med planlegging og gjennomføring av arrangementet. I tillegg til dette løyvde fylkestinget i Hordaland i desember 2018 100 000 kr til Norges Friidrettsforbund, i samband med søknadsprosessen. Forbundet har dermed motteke 2 100 000 kr til arrangementet.

Etter at forbundet valde å avlyse arrangementet i 2021 har dei vore i tett kontakt med det europeiske forbundet, European Athletics (EA), om mogelegheita for å arrangere U-23 EM i friidrett i 2025, i Bergen. I slutten av juli vedtok EA å tildele meisterskapet på nytt i 2025. Fylkeskommunedirektøren viser til drøftingane i tidlegare nemnde PS 48/20, der Vestland fylkeskommune stiller seg positive til arrangementet. Desse momenta er framleis gjeldande, og dei positive ringverknadane av eit meisterskap av denne størrelsen vil truleg vere dei same i 2025.

Det er som nemnd løyvd 2 100 000 kr til arrangementet som skulle vore gjennomført i 2021. Sidan arrangementet ikkje vart gjennomført er det naturleg å vurdere korleis ein stiller seg til bruken av desse midlane. Arbeidet med arrangementet var kome langt, og det meste var langt på veg klart då ein måtte avlyse. Norges Friidrettsforbund hadde derfor allereie nytta delar av tilskotet. Det å skulle betale tilbake heile tilskotet kan derfor vere krevjande for forbundet.

Norges friidrettsforbund er tildelt arrangementet på nytt i 2025. Arrangementskomiteen kan dra nytte av mykje av arbeidet som er gjort i samband med planlegginga av arrangementet som skulle vore gjennomført i 2021. Difor ser fylkeskommunedirektøren det som føremålstenleg at forbundet beheld tilskotet, og nyttar dei resterande midlane til vidare planlegging og gjennomføring av arrangementet i 2025. Dersom forbundet vil søkje om ytterlegare økonomisk stønad må dette handsamast i samband med arbeid med framtidige årsbudsjett og økonomiplan.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Midlane er løyvd i vedteke budsjett for 2021, og er allereie utbetalt. Vedtaket vil difor ikkje ha noko ytterlegare økonomisk påverknad for fylkeskommunen.

Klima:

Fylkeskommunen vil bidra med kompetanse knytt til berekraftige arrangement via samarbeidsavtalen som er etablert med Vestland idrettskrets.

Folkehelse:

Større internasjonale idrettsarrangement kan bidra til å rekruttere og motivere fleire til å drive fysisk aktivitet. I samband med U-23 EM i friidrett var det lagt opp til ein Vestlandsturne der barn og unge skulle få prøve ulike aktivitetar. Mesterskap kan også bidra til auka arrangementskompetanse for kommunar og idrettsorganisasjonar, som igjen kan bidra til fleire arrangement og aktivitetar.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren viser til drøftingane i saka og rår til vedtak i samsvar med forslag til vedtak.